

Ulvik Cittaslow



Innkalling Cittaslowrådsmøte nr. 1-18

Tid: Måndag, 22.1.2018, kl. 16:00-18.00

Varighet: 2t.

Stad: Kantina, 2.høgda, tenestetorget

Saksliste

1/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden (V)

Vedtak: Godkjent

2/12 Godkjenning av referat (V)

Referatet sendes ut etter møte og så ut på heimesida, det er likevel naudsynt å godkjenne referatet formelt kvart møte.

Vedtak: Godkjent

3/18 Cittaslow Facebookside (D)

Gjennomgang av FB sida før publisering. Drøfting.

4/18 Heradstidende (V)

Det ble ikkje sendt ut Heradstidende før jul. Dette kunne vært, som rådet har diskutert tidligare ein viktig kanal for informasjon til innbyggjarane. Rådet bes diskutere om dei ønskje å sikre heradstidene blir gitt ut og korleis dei kan bidra til at dette blir gjennomført. God innbyggjar kontakt og informasjon er eit viktig premiss for lokaldemokrati og medverknad.

Innspel frå rådet:

Veldig positivt. Inkluderande. Variert, lavterskel informasjon skriftlig ut til innbyggjarane. Man bør ut bredt for å be om innspel. Positivt frå Ulvik herad at det er variasjon.

Vedtak: Cittaslowrådet oppmodar til at det blir gjort et arbeid for å sikre at Heradstidende blir gitt ut.

5/18 Ulvik App'en. (D)

Ulvik herad har no fått seg ein App- som fungerer som eit informasjonskanal ut til innbyggjarane.

Kort diskusjon om kva for moglegheita kan sjåast tatt i bruk.

Deøfta:

Kva informasjon kan isåfall leggjast ut under Cittaslow?

Landbruksrelatert: Er det aktuelt/ nyttig? Snakk med landsbrukskonsulent om dette.

Kva for område er relevant? Det er mogleg å legge inn «beacons» for interessante områder.

6/18 Vidare arbeid med sertifisering (D)

Innhald i skjema:

1. Mal/ Skjema må ut på heimesida
2. Lage rutiner knytt til mottatt søknad som følger offentlighetslov?
3. Krav til vidare oppfølging: Befaring- besøk- vedtak i rådet. Da blir den offentlig
4. Informere næringslaget 9.2. Den Grønne Kafè
5. MÅL om sertifisering på Oktobertorget 2018 og vise til bredden i satsinga.

7/18 Val 2018 av nye rådsmedlemmer (V)

På neste rådsmøte (12.2) er det val av nye rådsmedlemmer. Det har gått ut brev til lag og organisasjonar om å melde sin interesse til å sitte i Cittaslowrådet i neste periode (2 år). Dette opnar for å revurdere samansetning av rådet. Nokre faste representantar bør rådet ha. Spørsmål rådet kan drøfte:

- Skal det skilles mellom faste rep. og dei som vekslar?
- Er det riktig antall medlemmer?

Ulvik herad skal vera representert med 2 medlemmer i rådet. I tillegg vert det lagt vekt på at rådet skal ha representantar frå næringslivet, reiselivet, kulturlivet, ungdom, frivillige lag og organisasjonar, undervisning/skule, landbruk, festivalarrangørar, andre institusjonar og nettverk.

Pt. har rådet 11 medlemmer med vara medlemmer som vert peika ut såleis:

- 1 Slow Food Hardanger
- 2 politisk valde Ulvik heradstyre m/ personlig vara i *valperioden (4år)*
- 1 Ungdomsrepresentant frå Ulvik Ungdomsråd
- 1 Næringsliv (*Bør denne vurderast endrast til 1 rep. Ulvik næringslag?*)
- 1 Landbruk
- 2 Undervisning- (*Representant for Hjeltnes vidaregåande er gått ut. Bør vurderast endra til fast representant for Brakanes Skule OG Ulvik barnehage?*)
- 1 Kultur (*bør denne inngå i lag/org?*)
- 2 Frivillige lag og organisasjonar

Valperioden er 2 år.

Drøfta:

Næringsliv: Bør næringslaget ha 2 rep. som dei disponerer sjølv.

Viktig at dei som er valt må møte, og det er eit ønskje om at leiar møte der mogleg.

Reiseliv/servicenæring må vere representert.

Vedtak:

Rådet foreslår følgjande endringar i samansetning av rådsmedlemmane (endringar i kursiv) .

Brev om invitasjon til å vere med i rådet går ut til alle lag/org.

- 1 Slow Food Hardanger ved leiar
- 2 politisk valde Ulvik heradstyre m/ personlig vara i *valperioden (4år)*
- 1 Ungdomsrepresentant frå Ulvik Ungdomsråd

- 1 *Ulvik næringslag ved daglig leiar*
- 1 *Reiseliv/servicenæring*
- 1 Landbruk
- 1 *Brakanes Skule*
- 1 *Ulvik barnehage*
- 1 *Kulturverksemd ved leiar*
- 2 frivillige lag og organisasjonar ved leiar/styremedlem

Sum: 12

8/18 Erasmus+ søknad: Cittaslow i barnehage/ skule

Ulvik søker Erasmus+ midlar saman med Djúpvogur Cittaslow på Island og Orivieto i Italia nå våren 2018. Prosjektet skal sjå på korleis verdiane Cittaslow jobbar med, skal kunne forankrast/ tas i bruk på skule/ undervisning/ Barnehage. Midlane skal gå til utveksling for lærerar og tilsette. Prosjektet har oppstart haust 2018. Det inviterast inn til møte med barnehage/ skule før slutten av mars.

9/18 Handlingsplan 2018 (D)

Gjennomgang av dei viktigaste satsingsområdene og behov for 2018. Dette gjelder også kva for prosjekt som kjem opp. Overordna handlingsplan for Cittaslow i Ulvik skal vere ei meldingsak til heradstyre.

Handlingsplanen vil lettare kunne vise til områder/ prosjekter man satsar på og i rapportering kunne vise til konkrete tiltak/mål som ble oppnådd.

Fokus på avfall handtering- ber om å få IHM inn til neste møte.

10/18 Orienteringar (O)

- Skulematprosjektet på Brakanes Skule
- Arbeid med kulturminne og lokalarkiv/ Bygdemuseum

11/18 Neste møte:

Nr. 2-18: måndag 12.2.18 kl. 16-18

Nr. 3-18 måndag 9.4.18

Nr. 4-18 måndag 28.5.18

Tidspunkt: Klokkeslett drøftes neste møte

12/18 Ymse